



## Personvernerklæring for Gudbrandsdalsmusea sine avdelingar i Opplandsarkivet (GDPR)

Museet, ved direktør, har det overordna ansvaret for at institusjonen fylgjer *Lov om behandling av personopplysningar* og *Personvernforordninga*. Arkivaren ved Opplandsarkivet sine avdelingar har det daglege ansvaret for korrekt handsaming av personopplysningar i samsvar med lovverket og museet sine rutiner og vedtekter. Museet har slutta seg til ICOM sine museumsetiske retningslinjer.

Formålet og grunnlaget for handsaming av personopplysningar vil vera avhengig av ulike område av forvaltning av arkivet.

**Personopplysningar i historisk arkivmateriale i depot** handterast med heimel i *Lov om behandling av personopplysningar*, §§ 8, 9 og/eller 17 og Personforordninga, artikkel 6 nr. 1 bokstav a og e, artikkel 9 nr.1 og 2 og/eller artikkel 89 nr. 1. Formålet for handsaming av personopplysningar er ei heilskapleg forvaltning av privatarkiv, <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-38Av>, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-56-ls-20172018/id2594627/sec42>

**Publikumskontakt** Personopplysningar som blir samla i form av besøksprotokollar, brukarskjema- og register samt personopplysningar som er ein del av publikumskontakt, vil bli handsama jf. etter samtykke, og når det er naudsynt for å kunne oppfylle ein avtale. Personopplysningar som blir samla inn vil vera namn, adresser, e-postadresser, telefonnummer og ev. formål med arkivbesøket (forskning, presse, anna). Formålet med handsaming av personopplysingane vil vera grunnlag for statistikk og handtering av arkivspørsmål.

**For innsamling av arkiv/dokumentasjon** Museet er ansvarleg for handsaming av personopplysningar som blir samla inn og forvalta ved bruk av fagsystema Primus, Asta og Fiol, samt publisering via Digitalt Museum og Arkivportalen. KulturIT, Stiftelsen Asta og Folkmusikens hus i Rättvik i Sverige er ansvarlege for dataprogramma. Ansvarsdelinga mellom arkivet som handterer data og ansvarleg for dataprogramma skal vera regulert med ein eige avtale. Programansvarleg sine eigne personvernerklæringar er tilgjengeleg på verksemda sine heimesider, om dei har lagt ut si personvernerklæring. <https://kulturit.org/personvern>, <http://www.stiftelsenasta.no/>, <http://folkmusikenshus.se/fiol-webbfjol/>.

Formålet med innsamling og handsaming av personopplysningar gjennom digitale fagsystem og publiseringstenester, er ein heilskapleg forvaltning av privatarkiv og Gudbrandsdalsmusea/Opplandsarkivet sin samfunnsdokumentasjon og oppdrag.

Dei som har gitt personopplysningar etter samtykke ved arkivbesøk eller henvendingar, samt dei som har sine personopplysningar forvalta i det historiske arkivmateriale i depot, har rett til innsyn i personopplysningar om *eige* person. Same personar har også rett til å legge fram krav om retting av uriktige opplysningar eller at personopplysningar om *eige* person blir sletta. Om henvendinga gjeld uordna arkiv, kan arkivet, eller delar av det, bli mellombels klausulert, til arkivet er ordna ferdig.

Spørsmål om forvaltning av personopplysningar om *eige* person i arkiv eller ved bruk av Opplandsarkivets sine avdelingar, kan rettast direkte til avdelinga, sjå [www.gudbrandsdalsmusea.no](http://www.gudbrandsdalsmusea.no), [www.opa.no](http://www.opa.no) eller til Opplandsarkivet sitt sekretariat på [sekretariat@opa.no](mailto:sekretariat@opa.no)

Hundorp 5. juli 2018

  
Torveig Dahl  
Direktør